

Vegard Hagen  
Orresteinen 25, 5916 Isdalstø  
Tlf: 478 89 562  
E-post: [vegard969@gmail.com](mailto:vegard969@gmail.com)

31. juli 2019

Lindås kommune  
Plan- og miljøutvalet  
Kvernhusmyrane 20  
5914 Isdalstø

### Høyringsuttale til Områdeplan Lonena - saksnummer 2014/5177.

Eg sluttar meg med dette til dei mange kritiske røystene i høve til utbygging av Lonena. Eg erkjenner at området har vore regulert til bustadføremål i nær sagt uminnelege tider, men gitt at «alt» enda er såpass usikkert og i fråvær av ein meir heilskapleg plan for korleis dette skal passe inn i Knarvik så ser eg ikkje fornufta i å køyre gjennom bustadutbygging i Lonane som ei enkeltståande sak per i dag.

Eg er sjølv innflyttar til Knarvik, min familie kom hit i 2009. Vi søkte oss til eit trygt nærmiljø med gangavstand til «det aller meste», der vi kunne bu sentralt og likevel ha god tilgang til friareal så å seie rett utanfor stovedøra.

Knarvik vart for oss heilt bokstaveleg talt staden der draumar vart røyndom.

Eg verken kan eller vil nekte andre å söke det same og eg erkjenner at då trengst det fleire hus her i framtida, men eg meiner vi må ta oss tid til å tenke heilskap for å sikra at ikkje konsekvensane vert øydeleggjande for nettopp det som gjer Knarvik så attraktivt i utgangspunktet.

Det beste med Knarvik i 2019 er nettopp at Knarvik **ikkje** er ein drabantby med trafikkork og trengsel, at vi stort sett **har** grei kapasitet på både infrastruktur og tenester, og at folk som flyttar hit stort sett vert buande her i lang tid og bidreg til å utvikle Knarvik vidare - til glede for både sin eigen og neste generasjon.

Alt dette fryktar eg vi er i ferd med å gå bort frå om vi opnar for storstilt utbygging av bustader utan å ha gode planar for noko anna enn at her skal det byggjast og seljast hus på ein skala Knarvik aldri har sett maken til. Eg trur vi må våge å tenkje større om vi vil behalda trivselen og draumane.

Då **tek** det lenger tid å finne svara vi leitar etter.

Og i mellomtida har ingen vondt av at Sjiraffstreet får vere i fred.

Med venleg helsing

Vegard Hagen